



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/1238-231

24. mars 2023

## Masfjorden-sambandet. Søknad om ferjeavløysingsmidlar

Samferdselsdepartementet viser til brev av 18. desember 2017 frå dåverande Hordaland fylkeskommune til Statens vegvesen om søknad om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 570 Masfjorden-sambandet i Masfjorden kommune.

Søknaden vart sendt Statens vegvesen, Region vest i desember 2017, for å koma inn under opplegget som galdt for ferjeavløysingsprosjekt i 2017. Søknaden er derfor handsama etter dei retningslinene som galdt for 2017.

Statens vegvesen har handsama søknaden, i tråd med retningslinene for ordninga. I tilrådinga frå Statens vegvesen vert det vist til at Hordaland fylkeskommune i søknaden om ferjeavløysingsmidlar har som føresetnad at ferjeavløysingsmidlane skal kunna dekkja renteutgiftene på eventuelle lån som fylkeskommunen tar opp for å dekkja sin del av finansieringsplanen. Denne føresetnaden er i strid med retningslinene for ordninga, jf. punkt 5.4.1 i retningslinene og tilfredsstillar heller ikkje krava til ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, jf. punkt 3.3 i retningslinene.

Statens vegvesen opplyser og at bompengesøknaden for prosjektet har som føresetnad at renteutgifter til eventuelle fylkeskommunale lån for å finansiera utbygginga, ikkje vert dekt av ordninga. Finansieringsplanen for prosjektet er derfor ufullstendig, heiter det mellom anna i tilrådinga frå Statens vegvesen.

Masfjorden-prosjektet er i brev av 26. juni 2017 førehandsklarert til å koma inn under ferjeavløysingsordninga.

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Veg-, by- og  
trafikkisikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar  
Dag Namtvedt  
22 24 82 49

Føresetnaden til fylkeskommunen i endeleg søknad frå desember 2017, der det går fram at eventuelle renteutgifter skal dekkast av ferjeavløysingsmidlar, er i strid med retningslinene for ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 5.4.1 i retningslinene for ordninga som var gjeldande i 2017. Prosjektet vil likevel kunna godkjennast som ferjeavløysingsprosjekt, dersom fylkeskommunen vedtar ein finansieringsplanen i tråd med retningslinene for ordninga. Det krev eit nytt fylkeskommunalt vedtak, jf. punkt 4.8 i retningslinene.

Samferdselsdepartementet vil på generelt grunnlag streka under at fylkeskommunen har ansvaret for finansiering av eit eventuelt framtidig prosjekt, uavhengig av summen av framtidige ferjeavløysingsmidlar.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)  
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt  
underdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi  
Kommunal- og distriktsdepartementet  
Masfjorden kommune  
Statens vegvesen